



Kaland Trelast AS  
Keilevegen 45  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2534 - 14/8231

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
07.04.2014

## Løyve til oppføring av bustad etter brann - gbnr 107/3 Kolås.

Kommunen gjev løyve til oppføring av våningshus på gbnr 107/3 på Kolås i samsvar med søknad mottatt 17.03.2014 og reviderte dokument mottatt 01.04.2014, jf plan- og bygningslova § 20-1.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeidet vert gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Det må ikkje utførast noko arbeid ut over det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera på byggjeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

### Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjend ansvarsrett i samsvar med pbl § 22-3, jf § 21-4:

Rolle	TK	Ansvarsområde	Godkjend føretak	Org.nr	S/L
SØK	1		Kaland Trelast AS	945549483	S
PRO	1	Prosjektering grunnarbeid	Haugen VVA AS	953498685	S
PRO	1	Prosjektering av grunnmur, støpt plate på mark	H. Sandvik AS	989482920	S
PRO	1	Sanitærinstallasjonar med tilhøyrande ledningsnett	Hjelmås VVS AS	988410586	S
PRO	1	Trekonstruksjoner med berekningar og energiberekning Tømmerarbeid med tilhøyrande detaljar Membranar, fall til sluk og øvrige konstr for våtrom. Lufttettleik med målingar	Kaland Trelast AS	945549483	S

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



PRO	1	Oppmålingsteknisk prosjektering, husplassering	Vest oppmåling AS	987321679	S
UTF	1	Generelt tømrrarbeid, takteking, ventilasjonsarbeid	Kaland Trelast AS	945549483	S
UTF	1	Graving, boring, sprenging, grøfter og planering	Odd Haugen Maskinstasjon AS	953498685	S
UTF	1	Grunnmur, støpt plate på mark og radonsikring	H. Sandvik AS	989482920	S
UTF	1	Plassering av bustad på tomt	Vest oppmåling AS	987321679	S
UTF	1	Sanitærinstallasjonar med tilhøyrande leidningsnett	Hjelmås VVS AS	988410586	S
UTF	1	Membran, flisearbeid og montering av elementpipe	Hans Jarle Haukås	970318682	S
KTR	1	Kontroll av utførelse av membraner, fall til sluk og øvrige konstruksjoner på våtrom. Kontroll av utførelse av lufttettleiksmålingar, innhenter informasjon	Kålås & Sønn Byggevarehandel AS	940215897	S

\*S=Sentral godkjenning L=lokal godkjenning

### Søknaden

Det er søkt om oppføring av nytt våningshus etter brann på gbnr 107/3 på Kolås.

Bustaden har to etasjar, liggjande kledning og saltak med vinkel 27 grader. Bygget har eit bebygd areal på 168 m<sup>2</sup> og bruksareal på 255 m<sup>2</sup>.

Revidert søknad av 01.04.2014 omfattar endring frå ein bustad med utleigehusvære til våningshus. Endringa gjeld berre planløyninga i underetasjen då opprinnleg utleigehusvære er fjerna. Det er inga endring av fasader eller plassering.

### Nabotilhøve og andre sine kommentarar

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Det er ikkje registrert merknader i saka.

Revidert søknad av 01.04.2014 medfører inga endring av fasader eller plassering. Administrasjonen vurderer at naboane sine interesser ikkje vert råka av endringa og gjev fritak frå varsling, jf pbl § 21-3 andre ledd.

### Plangrunnlag

Eigedomen ligg i område som i gjeldande kommuneplan er avsett til LNF-føremål. Tiltaket er i samsvar med plan.

### Veg og tilkomst:

Omsøkte tiltak medfører inga endring i høve veg og tilkomst til eigedomen.

### Uteoppfallsareal og parkeringsløyisingar

Det er sett av parkeringsareal for tre bilar. Det er mogleg å snu på eigen grunn.

Administrasjonen vurderer at tiltaket gjev tilfredsstillande uteoppfallsareal og parkeringsløyising.

### Visuell utforming

Tiltaket har etter plan- og bygningsstyresmakta sitt skjøn gode kvalitetar både i seg sjølv og i høve til sin funksjon og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf plan- og bygningslova § 29-2.

### Plassering og høgdeplassering

Plasseringa av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjende teikningar.

Høgdeplassering for bustaden vert godkjend til overkant golv hovudplan kote +136,1 moh og topp møne kote 144,0 moh.

For plassering gjeld toleransegrenser for områdetype 1, jf standarden «Plassering og beliggenhetskroll».

Kart og koordinatliste for ferdig plassering skal leggjast ved søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

### Vatn og avlaup

Eigedomen er tilknytt kommunalt VA-anlegg frå tidlegare. Omsøkte tiltak medfører inga endring når det gjeld vatn og avlaup.

### Oppsummering og konklusjon

Administrasjonen finn etter ei samla vurdering å kunne godkjenna omsøkte tiltak slik det er søkt om.

### Gebyr:

Søknadspåktige tiltak vert gebyrlagt i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ.

C.1.1 Bruk av basiskart	1	Kr 500,-
C.5.2b Ny bueining	1	Kr 13 000,-
C.5.32 Godkjenning av ansvarsrett der det ligg føre sentral godkjenning	8	Kr 8 400,-
Totalt gebyr å betala		Kr 21 900,-

### Bortfall av løyve

Løyvet er godkjend i 3 år frå vedtaksdato, jf pbl § 21-9. Ved eventuell klage på vedtaket byrjar fristen å løpa frå dato for det endelege vedtaket i klagesaka. Er tiltaket ikkje sett i gong innan 3 år fell løyvet bort. Det same gjeld viss tiltaket vert innstilt i meir enn 2 år. Fristane kan ikkje forlengast, jf pbl § 21-9 første ledd.

### Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf forvaltningsloven § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Ove Martin Kolås

Kanalvegen 2 E

5955

LINDÅS

**Mottakarar:**

Kaland Trelast AS

Keilevegen 45

5955

LINDÅS